

Kunngjering

Høyring av søknad frå Statoil Mongstad om endringar i løyve til verksemd etter forureiningslova

Miljødirektoratet har mottatt to søknadar frå Statoil Mongstad om 1) ei auke av grenser for støy og 2) endring av punkt om behandling av farleg avfall. Statoil Mongstad har løyve til raffinering av råolje og drift av kraftvarmeverk og ligg i Lindås kommune.

Søknad om endring i rammevilkår for behandling av avfallsvatn og farleg avfall

Verksemda fekk 19. mars 2015 løyve til å behandle enkelte typar farleg avfall frå boreplattformer og skip i sitt anlegg for reinsing av oljeforureina vatn. Verksemda ønskjer no at denne løyva trekkast, ettersom Statoil Mongstad ikkje ønskjer å regulerast som eit mottak for behandling av farleg avfall, men berre vere raffineri. Vidare meiner verksemda at kategorien "vatn i oljestraumar", dvs. produsert vann, ikkje kan sjåast på som eit avfall dei mottar frå plattformar, men som ein integrert del av olja.

Søknad om endring av støygrenser

Verksemda har målt støy rundt raffineriet i mars 2016, og har målt 48 dB ved mest utsette bustad, som er over grensa i dagens løyve på 45 dB. Verksemda ønskjer derfor at grensene for støy aukast slik at dei svarar til dagens retningslinjer på støy frå industri på 50 dB.

Søknadane er lagt ut til offentleg innsyn hos Lindås kommune. Dokumenta i saka og skjema for å gje elektronisk tilbakemelding finn du på <http://miljodirektoratet.no/horing2016-475>. Det er også mogleg å sende inn høyringskommentarar skriftleg til Miljødirektoratet, PB 5672 Sluppen, 7685 Trondheim. Fristen for å gje tilbakemelding er 20. november 2016.